



Hilmar Andersen  
Titlandsvegen 32  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2404 - 18/2612

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
29.01.2018

## Orientering om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 64/1 Myksvoll øvre

Det vert vist til klage på avslag på søknad om dispensasjon for frådeling av bustadtomt Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 24.01.2018, der følgjande vedtak vart fatta:

*Plan og miljøutvalet gir klager medhold og gir dispensasjon som omsøkt.*

*Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå pbl § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) for frådeling av bustadtomt og etablering av tilkomstveg på gbnr 64/1. Dispensasjonen vert gjeve på vilkår av at utbygging av den nye eigedommen skal vera i samsvar med punkt 5.14 i kommuneplanen sin arealdel.*

*Dispensasjon setter ikkje planens overordna mål, LNF føremålet, vesentlig til sides.*

*Arealet som er søkt frådelt vil ikkje føra til uheldig omdisponering eller fragmaterer av verdifullt landbruksareal. Det er i vedtak datert 05.10.2017 i arkivsak 17/3011 gitt løyve til omdisponering og deling etter jordlova. Det er i jordlovshandsaminga vurdert at det omsøkte arealet har liten verdi for jordbruket. Arealet er særskupt og lite, det kan ikkje nyttast til slåttemark og krev eit omfattande gjerdehald for å kunne nyttast til beite. Storparten av arealet er også særskult med begrensa grasvekster.*

*Det er positivt at søkjar har redusert arealet frå 2000 kvm til 1300kvm og slik legg til rette for ei frådeling som i minst mogleg grad skal koma i konflikt med jordvernet og at ein ønskjer å starta opp igjen gardsdrifta slik det vert vist til i klagen. Bruket har også driftsavtale med to bruk.*

*Tomta er plassert i god avstand frå driftsbygninga på bruket (meir enn 100 meter) og på motsett side av den kommunale vegen. Vegtilkomst til eigedomen i hovudsak følgja veitrasseen som i dag også er den einaste ferdsevsvegen inn til bruk 63/2, ein vil såleis ikkje være einaste brukar av denne vegen i tillegg til hovudbruket.*

*PMU meiner at dispensasjon støttar samfunnsdel til kommuneplanen for 2017-2029 der det i "strategi 32" går fram at ein skal legge til rette for spreidd busetnad og mindre byggefelt i heile kommunen. Tiltaket vil styrka busetjinga på Myksvoll og støtta opp under strategien.*

*Politisk er det viktig med utvikling i heile kommunen og denne dispensasjon vil støtte opp under dette. PMU kan ikkje sjå at, Lov om planlegging og byggesaksbehandling § 1-1.Lovens formål; Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner,*



*blir satt til side. Tiltaket byggjer opp under formålet i loven til beste for den enkelte(tiltakshaver) samfunnet( levande bygder) og moglegheit å busetja seg i sprett busetnad for framtidige generasjonar. Tiltaket fremmer soleis berekraftig utvikling i bygdene. Plan- og miljøutvalet finn etter ei samla og konkret vurdering at omsynet bak LNF føremålet i dette tilfelle ikkje vert vesentleg sett til side. Det er i vurderinga lagt særleg vekt på at ei frådeling slik det er søkt om vil styrkje mogligheita for at landbruket/drift av gardsbruket vert oppretthalde og at kulturlandskapet vert tatt vare på. Dette støttar tanken bak omsynssone landbruk og bidrar ikkje til å byggja ned landbruket. Tiltaket støtter oppunder STRATEGI 39 samfunnsdel til kommuneplanen for 2017-2029: Oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og ta vare på verdifullt landbruksareal. Landbruksarealet er ikkje av Lindås kommune sitt landbrukskontor vurdert som verdifullt.( arkivsak 17/3011)*

*PMU ser etter ei heilhets vurdering at fordelane med å gi dispensasjon er klart større en ulempene. PMU kan ikkje sjå at saka dannar presedens, då kvar sak om dispensasjon skal vurderast individuelt.*

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert send til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Klage på avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 64/1 Myksvoll øvre

### **Mottakarar:**

Hilmar Andersen  
Jorunn Andersen

Titlandsvegen 32 5912  
Titlandsvegen 32 5912

SEIM  
SEIM